

# Radar

A high-speed photograph of water being poured into a pool of water, creating a large splash with many bubbles and droplets. The water is clear and bright blue.

2014 nr. 3

Kyrkjeblad for Radøy sokn

30.årgang

19. OKTOBER 2014



**KIRKENS NØDHJELP**

---

**TV-AKSJONEN NRK**



## DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Idrettsvegen 1, 5936 Manger  
Tlf 5634 9840

[www.radoysokn.no](http://www.radoysokn.no)

Dagleg leiar Audun Sylta  
901 95 179

Kontorfullmektig  
Hilde Marit Solend  
5634 9840

Sokneprest Kjell Sekkingstad  
951 41 360

Prostiprest  
Marianne Støylen Skauge  
472 34 796

Trusoppføringsmedarbeidar  
Willem Vogelaar  
479 73 670

Organist J. William Kay  
915 91 482

Dirigent Radøy damekor  
Jüraté Norkuviené  
967 59 916

Arbeidsleiar kyrkjegardane  
Arne Palmesen  
911 53 484

Kyrkjetenar  
Berit Karin Vogelaar  
942 42 233

Kyrkjetenar  
Marta G. Hvidsten 909 18 214



## Manger kyrkje

**Noverande Manger kyrkje vart tatt i bruk i 1891. Dokument frå Manger sokneråd syner at det allereie under bygginga var mange diskusjonar rundt konstruksjonen. Kyrkja fekk**

**tidleg ei helling mot aust som har vore relativt stabil gjennom lang tid.**

I 2001 og 2006 vart det gjort registrering av loddavvik for vegger og søyler samt horisontalavvik for golv. Det vart registrert sidevegs avvik men ingen setningar i grunnen. I februar 2014 førte knakelydar i bygget og ein 2 cm sprekk i golv på galleriet til at det kom uomeldingar frå dei tilsette om tilstanden til kyrkja.

Målingar syner at bygget i perioden 2006 til 2014 i snitt har kome 23,8 mm ytterlegare ut av lodd. På det meste har kyrkja no eit loddavvik på 220 mm målt på austre langvegg. Vi risikerer at kyrkja vert ubrukeleg, anten grunna ytterlegare rørsle i konstruksjonen eller grunna usikkerheit knytta til stabiliteten.

Rapportane konkluderer med at bygget er for dårleg avstiva og at det hastar med å gjera tiltak for å stoppe utviklinga. Mange spør om grunnen gjev etter og om kyrkja sig. Ingenting tyder på det. Det er rett og slett bygningen som gjev etter og vert skeivare. Det er heller ikkje funne råde i bygget som har samband med skeivheita.

Soknet har vidare i april 2014 engasjert Akasia for å utarbeide eit forprosjekt for å finne ei løysing for stabilisering og avstiving av kyrkja. Akasia har no lagt fram forslag til oppretting og stabilisering av kyrkja. Soknerådet har vedtatt å gå vidare med forslaga og det

er nyleg sendt søknad til biskopen i Bjørgvin om godkjenning av plan for opprettelse og stabilisering av Manger kirke.


Forslaget går ut på at kyrkja vert retta opp ved hjelp av jekkar, for så å verta stabilisert ved hjelp av stålkonstruksjonar. Stålkonstruksjonane vil verta kledd inn i tre og malt, slik at dei vert tilnærma lik dei andre synlege bæreelementa i kyrkjerommet.

Manger kyrkje er listeført. Endringar av bygget må derfor godkjennast av Biskopen i Bjørgvin og drøftast med Riksantikvaren.

I arbeidsperioden kan det ikkje vera aktivitet i kyrkja. Ein del av gravplassen må også stengast. Det er uheldig at kyrkja kanskje må stengjast for ein lengre periode, og vi er lei for at dette vil føra til vanskar for aktiviteten. Det er allereie knytta usikkerheit til bygget og bruk gjennom vinteren med mykje vind kan opplevast utrygt både for tilsette og publikum. Tryggleiken må koma først og bygget bør ikkje nyttast dersom det er reell fare for at det kan oppstå skade.

Kostnaden er så langt rekna til 2,1 mill. kroner eks.mva. Det er vanskeleg å rekne alle kostnadene på førehand i eit så spesielt prosjekt og vi må også vera førebudd på følgeskadar undervegs. Soknet har ikkje økonomiske midlar til arbeidet og må søkja Radøy kommune om midlar. Radøy kommune har så langt vore positiv til å støtte opp om tiltaket.

Vi får vona at dei naudsynte godkjenningane kjem raskt og at Manger kyrkje snart vert trygg både for publikum og tilsette.



• *Prinsippskissa syner gamle (grønne) og nye (raude) bæreelement. Alt vil sjølv-sagd verta tilpassa kyrkja sine fargar.*

*Audun Sylta  
Dagleg leiar*

# Minneord

Mette Haga Hjelmeland  
(F:18.06.64 D:26.08.14)

26. august 2014 var ein tung dag for oss. Det var den dagen vi mottok meldinga om at Mette stille og uventa hadde sovna inn i heimen. Mette hadde nett feira 50-års-dagen sin og ho stod midt i livet og aktivitetar ho var engasjert i. Det kom som eit sjokk for oss alle, og vi kan enno ikkje heilt forstå at ho ikkje er blant oss lenger.



I 1993 flytta Mette og Ove til Radøy. Mette hadde fått jobb i kulturskulen, men utanom dette engasjerte ho seg sterkt i kyrkja: Ho har vore dirigent i Radøy Gospelkor og Sæbø barnekor, vore med på konfirmantarbeid, og dei siste ti åra organist. I tillegg til dette arrangerte ho baby-sang og glad-sang-kvelder. Og nettopp det siste beskriv så godt kven Mette var: Ho var så glad i sang og musikk, og hadde ei slik smittande livsglede. Ho var full av pågangsmot og entusiasme, latteren var aldri langt borte. Ein kunne treffe på Mette i mange ulike samanhengar, ho stilte stadig opp som frivillig. Sjølv om ein visste at Mette hadde helsemessige utfordringar, var ho den som var positiv og løysingsorientert.

Mette gjorde ikkje ting halvhjarta; ho var alltid godt førebudd og viste engasjement. Ho gav av seg sjølv; nokon gonger kanskje meir enn ho hadde. Mette levde ikkje for seg sjølv, men for Gud og for menneska rundt seg.

Saknet etter Mette er stort, ikkje først og fremst for alle aktivitetane ho stilte opp på, men mest for den solstrålen ho var. Våre tankar går til Ove, Marthe og Luis.

Tonane etter Mette har stilna her på jorda, men dei lever vidare i himmelen og i hjarta våre. Takk Mette; du spegla himmelen for oss!

Radøy kyrkjelyd


Bilete: Avisa Nordhordland

# BARNAS -SIDE



## Prikk til prikk

Teikne ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



## Finn fem feil

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikningar: Asbjørn Tønnesen



## Fargelegg



**nettSPRELL.no**

- Musikkvideoar
- Teiknefilmar
- BARNAS-konkurransar

Søndagsskolen Si nettside for barn!

**BARNAS**

14 blader + DVD + CD  
= berre 365,-

(privatabonnement heim i posten)  
Gruppeabonnement berre 199,- pr barn

Ting på barnas@sondagsskolen.no eller på telefon 22 08 71 00

**TÅRNAGENTENE**

tarnagentene.no

Tårnagentane sin eigen nettstad!

## Min salme



Å høyra salmesong gjev ofte ein eigen ro, og ei god stemning hjå ein sjølv; ja, ein vert nesten litt høgtidsstemd! Eg høyrer av og til på programmet “Salmer til alle tider” på NRK P1 om søndagskvelden. Vare og vakre tonar og tekster strøymar frå radioen – og så kan ein oppleva å kunna teksten på ein salme; ja, nesten då...

Det kan vera frå songar vi song i skulen for godt over femti år sidan, eller frå tida då ein gjekk og las for presten som det heitte då. Var ikkje det kjekkaste eg visste, men salmevers måtte puggast, og nokre “sit” enno, når ein høyrer salmen.

Før jul og under julehøgtida er det sjølv sagt dei kjende julesongane som set stemninga, og då helst med den originale melodien. Ellers er det påskesalmar rundt påsketida, osv... Og så syng vi sjølv sagt i begravelsar, og det kan vera spesielle kjensler knytt til det.

Det er difor ikkje enkelt for meg å trekkja fram ein salme frammom andre. Likevel synes eg teksten som Petter Dass har gjeve oss, ved Hovden, er spenstig, og med den spesielle tonen, er salmen: “Herre Gud, ditt dyre navn og æra.” God å høyra på, og god og enkel å synja! Tre vers med eit tydeleg budskap og “oppskrift”.

Helsing John M. Bauge  
Kommunepolitkar, og mykje anna!

Herre Gud, ditt dyre navn og ære  
over verden høyt i akt skal vere,  
og alle sjele,  
de trette træle,  
alt som har mæle,  
de skal fortelle din ære.

Gud er Gud, om alle land lå øde,  
Gud er Gud, om alle mann var døde.  
Om slekter svimler -

blant stjernestimler  
i høye himler  
utallig vrimler Guds grøde.

Høye hall og dype dal skal vike,  
jord og himmel falle skal tillike,  
hvert fjell, hver tinde  
skal brått forsvinne,  
men opp skal rinne,  
som solen skinne, Guds rike!

## Kyrkjebasar på Bø

Kyrkjelydsutvalet i Hordabø kyrkje inviterte til eit møte i kyrkja 3 september. Dei som møtte var positive til å vera med og arbeida for ein basar. Den vert 19. oktober på Hordabø skule kl. 17. Nokon ville selja lodd medan andre kunne baka. Ansvar for gevinstar skulle Sølvi og Ludvig ta seg av. Me vonar alle støttar opp om kyrkja vår!

Gevinstar til årane kan leverast til Sølvi, og til loddbøkene til Ludvig. Me takkar for støtta og arbeidet de gjer for kyrkja.

Helsing kyrkjelydsutvalet

## 50-årskonfirmantar 2014

Her ser vi konfirmantjubilantane som var samla i Manger kyrkje. Dei var det første kullet som hadde konfirmasjonsundervisinga saman, på tvers av dei gamle soknegrensene og hadde felles feiring 31.august.



# Verdens vannfakta

19. OKTOBER 2014



TV-AKSJONEN NRK

**780 millioner har ikke tilgang til trygt vann. Det er cirka hvert niende menneske på jorda.**

I løpet av en dag bruker jenter og kvinner 200 millioner arbeidstimer på å hente vann til sine familier. Dette er det samme som å bygge 28 Empire State bygninger hver dag.

Ved å skaffe varig tilgang for en million mennesker, blir 3,5 millioner arbeidstimer spart hver dag.

Investeringer i rent vann skaper økonomisk vekst. Gjennomsnittlig gir 1 krone investert i vann tilbake 8 kroner. Mange steder er dette langt høyere.

443 millioner skoledager går tapt hver dag på grunn av vannrelaterte sykdommer.

Mer enn 3,4 millioner mennesker dør hvert år av sykdommer relatert til mangel på trygt vann, sanitære fasiliteter og hygiene. 99 prosent av disse dødsfallene skjer i utviklingsland.

1,5 millioner av disse er barn. Dette er et dødsfall hvert 21. sekund. Mangel på trygt vann og sanitære fasiliteter dreper barn i en fart/rate som tilsvarer at en jumbojet krasjer hver fjerde time.

Det nytter: I 2013 døde et barn hvert 21. sekund. I 2009 døde et barn hvert 15. sekund. I løpet av én time blir dette 240 dødsfall i 2009 og 171 i 2013. Denne lille forskjellen redder livet til 1656 barn hver dag.

Mangel på vann og sanitære forhold krever mange flere liv enn det krig gjør med våpen.

En nordmann som tar en fem minutters dusj bruker mer vann enn det en gjennomsnittsperson i et utviklingsland bruker på en hel dag. Trekke ned i do? I verden i dag er det flere mennesker som har mobiltelefon enn mennesker som har tilgang til en do.

Undersøkelser fra 45 utviklingsland viser at kvinner og barn har hovedansvaret for å hente vann. Dette tar ofte mange timer hver dag og gjør at de ikke får gå på skole, gjøre inntektsgenererende arbeid eller ta seg av familiemedlemmer.

Diaré er den nest hyppigste dødsårsaken for barn under fem år i utviklingsland. Rundt 1,5 millioner dør hvert år. Diaré dreper flere barn enn malaria, AIDS og meslinger kombinert.

4,100 barn dør hver dag av diaré. I tillegg dreper feilernæring, skittent vann, manglende tilgang til do, sanitære fasiliteter og hygiene 2350 hver dag.

90 prosent av dødsfallene fra diarérelaterte sykdommer er barn under 5 år, hovedsakelig i utviklingsland.

Halvparten av verdens sykehussenger opptas av pasienter som lider av sykdommer assosiert med manglende tilgang til trygt vann, sanitære fasiliteter og dårlig hygiene.

Nesten 90 prosent av tilfellene av diaré i hele verden regner man med at kommer fra dårlig vann, mangel på sanitære fasiliteter og dårlig hygiene.

Av de 60 millioner menneskene som flytter til verdens byer hvert år, flytter til de fleste til provisoriske bebyggelser uten tilgang til sanitære fasiliteter.

Mennesker som lever i slummen betaler 5-10 ganger så mye for en liter vann sammenliknet med rike mennesker i samme by.

*Kilde: Kirkens Nødhjelp, water.org, UNDP, WHO.*



## Positiv vår i Estland



“Antallet som kommer til gudstjeneste i menigheten i Saku i Estland har økt, samarbeidet med kommunen går i riktig retning, og vi har en flott konfirmantgruppe på sju som snart blir lagt til menigheten.” Det sier NMS-misjonær Magne Mølster når han oppsummerer hva som har skjedd i menighetene i Saku denne våren.

**Dåp og konfirmasjon:** “Vi hadde konfirmantleir i april i tro og håp om at de fleste av de sju konfirmantene i alderen 18 til 65 år fortsetter i menigheten etter konfirmasjonen pinsedag,” fortsetter han. “Da skal også fem av dem døpes. Besøk fra Norge bidrar til at vi låner Hageri kirke, vår modermenighets kirke. Det vesle bedehuset i Saku blir for lite.”

**Babysang og søndagsskole:** “Kona mi, Ave, startet med babysang her i Saku i januar. Nå er det et tilbud hver fredag. De er ikke så mange ennå, men har det veldig fint sammen. De forskjellige undergruppene i menigheten driver godt. Vi har et flott team av frivillige. Søndagsskolen er i en liten bølgedal, og til en viss grad er det snakk om et generasjonsskifte. Vi har så langt hatt én felles søndagsskolegruppe, men nå begynner nok de største jentene å føle seg litt for store. Vi håper å få på plass en «tweens-jentegruppe» til høsten.”

**Kirkebygg:** “Prosessen med kirkebygg er i positiv utvikling i forhold til stat og kommune. Så nå er vi i ferd med å samle kirkebyggstiftelsens styre for å komme videre med den konkrete utformingen av kirka. Dette blir en spennende prosess!”

**Vekst:** Tiina Klement som jobber i menigheten i Mustamäe, forteller at det stadig kommer flere til gudstjeneste der. De har fått nye medlemmer, søndagsskolearbeidet går bra, og de har fått en ny medarbeider som gjør en god del av det diakonale arbeidet i menigheten. “Jeg ser at arbeidet vokser og det er virkelig flott,” sier hun og forteller videre: “På familiegudstjenestene kommer det vanligvis ca. 30 personer, og barna er med i forberedelsene. Det er spesielt to 11 år gamle jenter som liker å lage takkebønn. Nå vil det ble døpt, og det skjer 1. juni.”

**Bønnesvar:** På gudstjenesten 1. påskedag kom det over 50 mennesker, og da ble en godt voksen mann ble døpt. For bare ett år siden hadde han ikke hørt om den kristne tro. Nå er det viktigste steget tatt. Det var en flott opplevelse.

Vi har bedt mye om vekst de siste tre årene og opplevd hvor vanskelig det er å drive misjon i vårt eget land, men har lært at tro og tillit til Gud gir stor lønn.

**Diakoni:** Det diakonale arbeidet dreier seg mye om matpakkeutdeling. Flere av de som selv trenger hjelp, bidrar. De lager kaffe og te, dekker bordet, snakker med folk og rydder lokalet etterpå. Det betyr både hjelp og selvhjelp. Nå har vi planer om å tilby bibellesning og bønn med de frivillige.

Hjertelig takk for støtte til prosjektet Menighetsplantning i Estland. Gud velsigne dere.

*Magne Mølster og Tiina Klement  
Les mer på [www.molsterestland.blogspot.no](http://www.molsterestland.blogspot.no)*



*Flott konfirmantgruppe i Saku våren 2014.*

*Radøy sokn støttar prosjektet “Kyrkjelydsplantning i Estland”.*

*Du kan lesa meir om prosjektet på  
<http://www.nms.no/menighetsplantning-estland/category2254.html>*

# Familiennytt



## Døpte

### Dåpsdato

- 15.06.2014 Eskil Myking Haugland
- 22.06.2014 Nicholas Iversen Bø
- 29.06.2014 Mari Hinriksson
- 29.06.2014 Johannes Reigstad Grunnaleite
- 20.07.2014 Alexandra Kviste Husebø
- 17.08.2014 Serine Storheim Lyssand
- 24.08.2014 Vilde Johanne Bu
- 30.08.2014 Tuva Marie Morken Hultberg
- 31.08.2014 Mathias Mjø
- 31.08.2014 Julie Murberg Solen
- 14.09.2014 Oda Blomvågnes
- 14.09.2014 Pernille Aksnes Strand
- 21.09.2014 Preben Hasle

## Vigde

### Vigselsdato

- 14.06.2014 Ruth Ingeborg Pletten og Jan Egil Tuseth
- 21.06.2014 Siv-Merete Håland og Arne Manger

- 05.07.2014 Ingrid Storheim Myrtveit og Jørgen Jordal Petersen
- 02.08.2014 Christine Dalland Jørgensen og Roger-Sanka Faye
- 30.08.2014 Annike Hagesæter og André Lie



## Døde

### Dødsdato

- 08.05.2014 Ernst Fridell
- 28.05.2014 Ingolf Ernst Båtnes
- 06.06.2014 Dagmar Marie Dalland
- 18.06.2014 Einar Monsen Taule
- 19.06.2014 Evy Kristina Rønnevig
- 24.06.2014 Ann Siri Solen
- 26.06.2014 Knut Barvåg
- 03.07.2014 Gudrun Myking
- 13.07.2014 Dag Backus
- 13.07.2014 Olga Grindheim
- 18.07.2014 Alf Størdal
- 27.07.2014 Synnøve Nøttveit
- 20.08.2014 Lars Birger Johannesen
- 24.08.2014 Herlaug Ottesen
- 26.08.2014 Mette Haga Hjelmeland



## KAFFEKROKEN



# Innkomne offer

Dag	Offermål	Kr
08.06 Pinedag	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt	1829
09.06 2.pinedag	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt	1307
15.06 Treeiningssundag	Nordhordland Indremisjon	1325
22.06 2.sundag i treeiningstida	Det Teologiske Menighetsfakultetet	2344
29.06 3.sundag i treeiningstida	Laget	3115
06.07 4.sundag i treeiningstida	Vestnorsk Utvandringssenter	3073
13.07 5.sundag i treeiningstida	Stiftelsen Mor, Far, Barn	930
20.07 6.sundag i treeiningstida	Trusopplæring i Radøy	2335
27.07 7.sundag i treeiningstida	Fjon Fjellkyrkje og Ungdomssenter	1181
03.08 8.sundag i treeiningstida	Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy sokn	2957
10.08 9.sundag i treeiningstida	Mercy Ships	1912
17.08 10.sundag i treeiningstida	MAF (Mission Aviation Fellowship)	2536
24.08 11.sundag i treeiningstida	Misjonshøgskolen i Stavanger	1630
31.08 12.sundag i treeiningstida	Trusopplæring i Radøy	4833
07.09 13.sundag i treeiningstida	IKO - Kirkelig Pedagogisk Senter	3796
14.09 14.sundag i treeiningstida	Trusopplæring i Radøy	4143

	Denne perioden	Hittil i 2014
Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk):	2957,00	7240,00
Offer til trusopplæring (born og ungdom 0-18 år):	11311,00	27541,00
Offer til særskilte prosjekt i soknet (orgel, stolar):	0,00	0,00
Offer til andre organisasjonar:	24978,00	80391,00



# Konfirmantar i Radøy sokn. 2014 - 2015

Her ser vi årets konfirmantkull som var samla til presentasjonsgudsteneste i Hordabø kyrkje den 7.september. Vi ynskjer Guds signing over dei og konfirmanttida!



Nordhordland Begravelsesbyrå as

Havnevegen 31, 5918 Frekhaug  
Idrettsvegen 1, 5936 Manger  
Tlf. 56 37 14 10

Gravferdsbyrå for heile Nordhordland  
post@nordh-bb.no / www.nordh-bb.no

Vatne  
Begravelsesbyrå

Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø  
Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon



 **MTI**  
IT SERVICE

  
ACCOUNTOR GROUP  
Tlf 56 35 55 80

**BUNNPRIS**

Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90

**RISNES**  
**ELEKTRO AS**

Elinstallatør - Lampebutikk  
Tlf 56 34 96 20

 SparebankenVest

**REMA 1000**  
bare lave priser

Manger Senter  
07-23 (09-21) 5637 2255

**MANGER**  
**GRAVMONUMENT**

5936 Manger • Tlf. 452 71 563

Ring for avtale  
terje.skjelvik@broadpark.no

*Frantzen's*  
*Partneri*

BLOMSTERFORRETNING  
Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77

Korleis har du det eigentleg?

Kirkens SOS  
815 33 300  
www.kirkens-sos.no



 Tørkeloftet AS  
Blomster & interiør  
Manger Senter  
Tlf: 56374020  
torkeloftet@gmail.com  
Vi hjelper deg med blomster til alle anledninger.

  
**KVALHEIM EIENDOM AS**  
Idrettsvegen 7 5936 Manger  
Tlf: 56374073  
kval.vvs@frisurf.no

  
5936 Manger • Tlf 56 34 98 60  
www.fiskenett.no

*Smiths*  
møte- og selskapslokale  
Manger— Ring 56 37 31 11  
leverer snittar, koldtbord og varm mat

  
ENTREPRENØR  
**Rune Ulvatn AS**  
5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60



# Vel møtt i kyrkja!

Sjå òg nett-  
sidene våre  
og følg oss på  
Facebook!

tysdag 30. september	1900	Sæbø kyrkje. Tysdagstreff.
søndag 5. oktober	1100	Emigrantkyrkja. Gudsteneste.
søndag 12. oktober	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste. Konfirmantjubiläum.
søndag 19. oktober	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Søndagsskulens dag.
søndag 26. oktober	1900	Hordabø kyrkje. Tomasmesse.
tysdag 28. oktober	1900	Sæbø kyrkje. Tysdagstreff.
søndag 2. november	1900	Manger kyrkje. Minnegudsteneste.
søndag 9. november	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 16. november	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
søndag 23. november	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
tysdag 25. november	1900	Sæbø kyrkje. Tysdagstreff.
søndag 30. november	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste. Lys vaken.

## Plan for søndagsskolen

19. oktober	Reisen frå Egypt	
2. november	Dei ti beste levereplane	
16. november	Bortført og heimvend	
6. desember	Adventsforteljing	Juleverkstad



**Sæbø barnekor har starta opp igjen etter sommarferien. Me øver i Sæbø kyrkje annankvar onsdag frå kl 18-19, 1.-7.klasse.**

**Nye og gamle medlemmar er hjarteleg velkomne.  
Neste øving er 1.oktober.**

**Ta gjerne kontakt med Silje Ellingsen  
for meir informasjon!**

*“...ein må ikkje berre sjå etter om det er gudsteneste i den næraste kyrkja,  
men tenka at både Sæbø, Hordabø og Manger er mi soknekyrkje.”  
Biskop Halvor Nordhaug, visitas 2012.*

Oppdatert informasjon om gudstenester og andre arrangement finn du på våre nettsider & facebook.

Redaksjon: Ludvig Grindheim, Elin Klausen, Silje Kristin Ellingsen  
Utforming: J. William Kay • E-post: radar@radoysokn.no • Trykk: Trykk Service A/S Knarvik  
Billete: Avisa Nordhordland, Willem Vogelaar, Tor Birger Murberg, Greg Rodland Buick.



**DEN NORSKE KYRKJA**

Radøy sokn

